



**POPULÆRE:** Den skandinaviske utstillinga på Sjøfartsmuseet i Kiel vart svært godt besøkt, noko sognabandet Mistur vart godt av.

# Mistur elska i Tyskland

■ ■ God oppslutning ■ ■ Tyske fans ■ ■ «Typisk norsk»

**KIEL:** Laurdag 16. juli var Black Metal-bandet Mistur på vitjing i Kiel, i samband med Sjøfartsmuseet si utstilling om Noreg. Sogningane vart godt mottekne, og fekk møta fleire nye tilhengjarar i Tyskland.

André Raunehaug og resten av Mistur har no kome heim til Sogndal, og har mykje å vera nøgde med etter helgas tur til

Tyskland. Oppmøtet på konserten var mykje betre enn det arrangørane hadde forventa, med rundt 150 på klubben «Die Pumpe» i Kiel.

## Kiel-vener

På same måten som mange artistar får stampelet «Norgesvener», håpar no Mistur på å bli Kiel-vener. Det var mange tyskarar som kjende til bandet frå før, og fleire hadde reist frå området utanfor Kiel for å få med seg sogningane sin melodiose svartmetall.

– Me ser ikkje vekk frå fleire besøk til Tyskland etter dette. Eigaren av klubben me spelte

på hadde mange kontaktar til andre festivalar i Tyskland, og me håpar at han vil tipse fleire om oss. Med tanke på kor glade tyskarane er i norsk svartmetall, er det heller ikkje lite truleg at det blir realitet.

## Paneldebatt

Sogningane var ikkje i Kiel berre for å halda konsert. Dei var og inviterte på sjølve utstillinga, for å svara på spørsmål om Noreg og den norske svartmetallen.

– Me fekk mange tradisjonelle spørsmål, som til dømes om namnet og sjangeren vår. I tillegg lurde dei på kvifor me

brukar liksminke, noko dei meinte var typisk norsk, fortel Raunehaug.

## Ikkje uglesett

Eit anna spørsmål dei fekk på utstillinga gjaldt posisjonen svartmetall har i Noreg i dag. På 90-talet, då sjangeren byrja å vekse, var musikken uglesett. Svartmetall fekk raskt eit dårleg rykte, og sleit med å bli tatt alvorleg. Dette meiner Raunehaug har endra seg no.

– Svartmetall har fått ein mykje meir akseptert posisjon i Noreg dei siste åra. Både gjennom Keep of Kalessim som var med i Melodi Grand Prix, og

Satyricon som kom seg inn på Topp 40-lista.

## Mediemarksemd

Mistur har og fått fleire gode tilbakemeldingar på konserten i ettertid. Fleire har sendt e-postar til bandet, blant anna med utklipp frå lokalavisa.

– Me fekk litt merksemd frå lokale media. Utanom artikkelen i lokalavisa var eit TV-team på konserten og filma det heile. Det enda med ein reportasje i dei lokale nyheitene på fjernsynet, fortel ein nøgd Raunehaug.

Anders Veberg  
anders@sognavis.no



**STEMNING:** Tyskarane tok godt imot norsk svartmetall. Dei var spesielt livlege då Mistur covra eit anna norsk band, Emperor. Det skapte mykje liv blant publikum.